

26 tonn ost

Ved Ryfylkemeieriet på Sand vert det nå kvar veke produsert kring 26 tonn ost, melder Næring & Utvikling, eit informasjonsskriv frå Skattkammeret Suldal. Produksjonen er så stor at det nå vert køyrt inn mjølk frå nabokommunane. All produksjon går til Synnøve Finden.

Ti personar har sitt arbeid ved meieriet.

Fryktar ras, utset vegopning

Den øydelagde brua i Ekkjeskaret er reparert. Men opninga av Røldalsvegen – riksveg 520 mellom Sauda og Røldal, let venta på seg.

– Me har sagt fredag 8. juni, men me håpar alle at det kan skje mykje før, seier Odd Iversen i Statens vegvesen i Haugesund.

Iversen forklarar at det er rasfare to stader i Ekkjeskaret. Her er det hengskavlar som slår sprekkar

og utviklar seg.

På spørsmål om vegvesenet ikkje kunne ha brukt helikopter og spreidd såkalla oddakalk for å setta fart på snøsmeltinga, vedgår Odd Iversen at dei kunne ha vore meir vakne i så måte.

– Me tek det som læring, lovar han.

Før alle dei tekniske problema i byrjinga av mai og den seinare oppdaginga av dei øydelagde brua,

var snøbrøytarane optimistiske med tanke på å få opna vegen raskt.

– For å setta det på spissen, Iversen: Hadde det ikkje vore for stoppen grunna brua, kunne vegen ha vorte opna med fare for ras i Ekkjeskaret?

– Ja, det kunne skjedd. Men det har ofte skjedd at vegen har vorte opna og så stengt igjen når skavlane utviklar seg, svarar Iversen.

Han forklarar at dei synlege tuppane av skavlane tidleg raste ut. Men så slo altså skavlane sprekkar og utvikla seg til igjen å verta rasfarlege. Og er det noko Odd Iversen og vegvesenet er opptekne av, er det tryggleiken til dei vegfarande. Han strekar under at vegvesenet ikkje vil ha noko ny, tragisk ulukke som den på slutten av 1970-talet då ein person mista livet i eit ras i Ekkjeskaret.

Desperat pengejakt til 2008-prosjekt

Det økonomiske presset på Sauda aukar. Stavanger 2008 vil ha ein garanti frå kommunen på fire millionar kroner - i dag!

■ FRANK WAAL

Eit storslått arrangement til 9,4 millionar kroner i Svandalen neste år er draumen. Profesjonelle utøvarar og eit kunstnarisk ambisjonsnivå som skal plassere Sauda på kartet med eit utandørs arrangement i nasjonalt toppformat.

Nå kan alt gå i vasken på grunn av at økonomien må på plass i løpet av noen få dagar.

– Stavanger 2008 har varsla oss

at dei har fire millionar kroner. Dei treng åtte millionar kroner for å gi klarsignal. Derfor må Sauda kommune garantere for dei siste fire millionane, opplyser rådmann Nils Moldøen, og legg til at da er ikkje dei siste 1,4 millionane i reknestykket henta inn.

Fylket tar 1 million

Onsdag diskuterte formannskapet den kinkige situasjonen. Rogaland fylkeskommune har varsla at dei kan stille med ein million kroner. Ingen av formannskapspolitikarane var villige til å bruke kommunekassa til å dekke dei resterande tre millionane.

– Det er muleg at næringslivet lokalt blir med, pluss at me kan søke om støtte andre plassar. Men Stavanger 2008 vil ha svar nå,

var beskjeden frå rådmannen til formannskapet.

For stor risiko?

Formannskapet la ikkje skjul på at dei svært gjerne ville ha arrangementet da dette vil bli stor Saudareklame, men at tre millionar kroner av kommunebudsjettet er for mye.

– Det går ei smertegrense. Eg er ikkje villig til å ta ein stor økonomisk risiko når arrangementet i tillegg er risikabelt med tanke på vêret, opplyser formannskapsmedlem Ivar Tangeraa (H) til Ryfylke.

Han synest tidsfristane Stavanger 2008 har gitt Sauda ikkje er realistiske.

Formannskapet vart einige om at

ordførar Laura Seltveit skulle lodde stemninga blant lokalt næringsliv i går (torsdag), og deretter ta eit hastemøte for å bestemme om det blir "ja" eller "nei" frå Sauda kommune.

– Me må jobbe til fløyta går, oppfordra Ivar Tangeraa.

frank@ryfylke.net



GÅR I VASKEN? 9,4 millionar-arrangementet i Sauda neste år heng i ein tynn tråd. Den lokale arrangementkomiteen, her med Lars Reidar Fosstveit (frå venstre), Jakob Svandal, Åge Midthun og Siri Malmstrøm (Stavanger 2008) kan risikere å måtte stanse arbeidet. (Arkivfoto: Torstein Hjørth)



**SAUDA
VIDAREGÅANDE SKULE**



SAUDA KOMMUNE

Ferieklubb sommeren 2007

Sauda kommune arrangerer i samarbeid med Idrettslinja ferieklubb sommeren 2007 for 1-7 klasse.

Ferieklubben vil arrangeres alle hverdager i ukene 26, 27, 32, 33 fra kl. 08.00 - 16.00 og basen for ferieklubben vil være Fløgstad skule.

Barna kan melde seg på for hele uker og kostnaden er kr 500,- pr. uke. Dette inkluderer et måltid midt på dagen.

Påmelding til Kundetorget så raskt som mulig og **innen 12. juni.**

Sauda kommune
Sauda vidaregåande skule